



Gjemnes kommune

Dato: 16.12.2021

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonene mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

FRILUFTSLOVA – BETALING FOR PARKERING PÅ FURSETFJELLET

FNF Møre og Romsdal bryr seg mellom anna om ålmenta sine rettar samt gratisprinsippet i vår unike friluftslov.

Vi ser at det no er ein tendens til at det er fleire aktørar som legg opp til betalingstenester i statleg sikra område. Det er FNF sitt ansvar å gi syte for og melde frå til kommunane når vi får melding om noko som går på tvers av friluftslivsinteressene. Dette brevet er diskutert med dei to friluftsråda i fylket vårt.

Vi registrerer at det blir teke parkeringsavgift på det statleg sikra friluftsområdet på Fursetfjellet, Gjemnes kommune. I siste forvaltningsplan for området (2013-2018) står det mellom anna om området; «*Fjellområde på grensa mellom Gjemnes og Molde. Slakt og småkupert. Snauffjellsområde i den vestlege delen, ellers for en stor del myrlendt skogsmark. Dei sikra parkeringsplassane ligg på begge sider av riksvegen medan berre parkeringsplassen vest for riksvegen er opparbeidd. Mykje brukt turområde sommar og vinter og spesielt vinterstid. Merka skiløype til Silsethytta østover og til Skaret om Lundalen vestover. Området vert brukt av befolkninga lokalt i Molde og Gjemnes, men også i regional samanheng ved at dette er nærmaste høve til skigåing for folket frå Kristiansund og Frei. Staten står som grunneigar av parkeringsplassane (gnr. 36 bnr 70,71,72).*» (sjå <https://faktaark.naturbase.no/?id=FS00000289>).

Det er i tillegg til å sikre areal til parkeringsplassar også løyst inn ei skytebane for å lette tilgangen til friluftsområdet på Fursetfjellet. I utbetalingsbrevet frå Direktoratet for Naturforvaltning av 26.10.2007 (sjå vedlegg) blir det mellom anna vist til at dei sett som vilkår for utbetaling av midlane, at ålmentas tilgong til naturområda på Fursetfjellet ikkje skal hindrast gjennom fysiske stengsler eller betaling for parkering.



FORUM FOR
NATUR OG FRILUFTSLIV
MØRE OG ROMSDAL

Slik vi les brukarane av parkeringsplassen på Fursetfjellet kan desse vere både hytteeigarar, brukarar av skitrekket og turgåarar. Det blir køyrd opp skiløper i området der denne parkeringsplassen er vesentleg.

I skriv frå Miljødirektoratet av 11.12.2020 om utmarksparkering (sjå vedlegg) blir det sagt mellom anna;

«Allemannsretten gir fri (gratis) adgang til ferdsel, opphold og høsting i utmark. Etter frilufsloven § 14 kan imidlertid bruker/grunneier på nærmere vilkår ta betalt for adgangen til et tilrettelagt frilufsomsråde: "Ferdsele rett etter denne lov er ikke til hinder for at eier eller bruker etter løyve av kommunen kan kreve en rimelig avgift for adgangen til badestrand, teltplass eller annet opparbeidet frilufsomsråde, men avgiften må ikke stå i misforhold til de tiltak eier eller bruker har gjort på området til fordel for frilufsfolket. Det kan settes vilkår for slikt løyve."

Miljødirektoratet har laga ein skjematisk oversikt over konkrete tilretteleggingstiltak dei meiner er innanfor verkeområdet til fril. § 14 og som det kan takast avgift for, og kva som fell utanfor verkeområdet (ikkje uttømmende liste):



Innenfor virkeområdet til fril. § 14	Utenfor virkeområdet til fril. § 14
Asfaltering/grusing/brøyting og annet nødvendig vedlikehold av selve parkeringsplassen	Såkalte "løypepass", destinasjonsavgifter og lignende avgifter som pålegger betaling for tilrettelegging knyttet opp mot adgangen til utøvelse av en allemannsrett
Nødvendige utgifter knyttet til grunnerv/rettighetserv av parkeringsareal	Utgifter knyttet til grunnerv/rettighetserv av utmarksområde knyttet til anleggelse av stier, turvei, bruer, sherpatrappes, gjerder, klopper, nødbuer osv.
Arbeidstid for opparbeiding utført av grunneier/bruker (fradrag for evt. tilskuddsmidler fra det offentlige)	Oppkjøring av skiløyper og for tilrettelegging med kunstsno og skiløyper, samt sykkelstier



Toalettanlegg tilknyttet eller i nærhet av parkeringsplassen	Markedsføring
Kostnader knyttet til parkeringsvakter/-verter	Kostnader knyttet til administrative oppgaver
Opparbeide teltsteder og badestrender tilknyttet eller i nærhet av parkeringsplassen	Sti og vei, herunder bruer, sherpatrappes, gjerder, klopper, nødbuer osv. på stier.
Drift av garderobes, toaletter og håndtering av søppel tilknyttet eller i nærheten av parkeringsplassen (servicebygg)	Stipatrukker og fjellvakter
Parkeringsvirksomheten som sådan, inkl administrasjon (f.eks. krav etter parkeringsforskriften)	

Vidare i skrivet frå Miljødirektoratet går det fram at om det skal innførast ei parkeringsavgift for eit turområde må dette regulerast av friluftslivsloven § 14. Der fremgår det klart at avgift for adgang til friluftsområde berre er tillatt dersom kommunen har gitt løyve (sjå <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/friluftsliv/myndigheter/forvalte-allemannsretten/tillate-avgift-for-tilgang-til-friluftsomrade/>).



Elles vil vi minne om at no når koronaepidemien stenger ned Norge att vil friluftsliv bli enno viktigare for folks helse og velvære då 1-meters regelen i liten grad treff friluftslivet. Vi meiner også å sjå at å avvike gratisprinsippet i friluftslivet fører til ekskludering frå aktivitet grunna økonomi. Dette har blant anna Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet sagt noko om;

«I et land som Norge, der den generelle levestandarden er høy, er det vanlig å bruke definisjoner av fattigdom som handler om mer enn fysisk overlevelse. Det betyr at fattigdom ikke bare handler om mangel på mat, klær og tak over hodet. Fattigdom betyr også det å mangle muligheter for å delta sosialt, på lik linje med resten av samfunnet. Barn trenger relasjoner med jevnaldrende for å ha et godt liv. Ungdommen selv sier at det verste med å være fattig er at du ikke kan delta på det andre kan. Barnefattigdommen i Norge har vært økende siden begynnelsen av 2000-tallet. Fra 2013 økte antallet fra 84 000 til 115 000 i 2019. Fattigdommen blant barn er nå høyere og vokser raskere enn fattigdom blant voksne.»
[\(https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/\)](https://www.bufdir.no/Familie/Fattigdom/Ny_Barnefattigdom_i_Norge/)

Barn skal ikkje haldast utanfor. Det skjer om friluftslivet blir så dyrt at familier ikkje har råd til at ungane kan ta del i ein aktivitet. Friluftslivet blir som samfunnet elles dyrare og meir spesialisert. Berre utstyret til å drive friluftsliv er meir enn nok for enkelte familiebudsjett, ei parkeringsavgift vil kome på toppen av alle andre utgifter som er knytt til ein tur i norsk natur.

Konklusjon

FNF Møre og Romsdal ber Gjemnes kommune gjere turparkeringa på Fursetfjellet gratis slik som hensikta er med sikringa av friluftsområdet.

FNF Møre og Romsdal meiner at den avgifta som er innført på Fursetfjellet er ulovleg jfr frilufslovens § 13 og § 14. Vi ber difor Gjemnes kommune om ein uttale om lovlegheita av dette jfr frilufslovens § 20 ledd c. Om ein skulle velgje å gå vegen om ein betalingsordning, ber vi om at barn og ungdom får gratis tilgang samt at friluftsfolket på Fursetfjellet får fritt leide til turterrenget slik som hensikta er med det statlege tilskotet.

Helsing

Ingbjørn Bredeli

Koordinator Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal



FORUM FOR
NATUR OG FRILUFTSLIV

MØRE OG ROMSDAL

Vedlegg:

Brev av 11.12.2020 frå Miljødirektoratet - Svar på anmodning om tolkningsuttalelse –
utmarksparkering etter frilufsloven § 14
Sikringsdokument for Fursetfjellet 1982-2007

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Miljødirektoratet
Nordmøre og Romsdal Friluftsråd
Sunnmøre Friluftsråd